



Nore Neset skulekorps er eit generasjonskorps med 27 medlemmer fordelt på aspirantar, juniorkorps og hovudkorps. Korpset tok andreplass i klassen for generasjonskorps under Hordablæsten 2021. Vi øver i lokale hjå Nore Neset barneskule i Bjørnafjorden kommune.

Målsetjinga til Nore Neset skulekorps er å bli eit sjølvstendig skulekorps, og 5-års målet er å vera eit komplett korps med full besetning. Vår visjon: Eit komplett korps som medlemmene og krinsen er stolt av. Våre verdiar: Inkluderande fellesskap, speleglede og engasjement.

Vi søker no etter

DIRIGENT TIL HOVUDKORPSET

Dirigenten vil ha det overordna musikalske ansvaret i korpset. Dirigenten må delta på korpset sine øvingar ein kveld i veka, og dessutan på konsertar, arrangement, seminar og styremøter etter nærare avtale. Dirigenten må kunne samarbeida godt med styret i korpset og med korpset sine lærekrefter.

Ønska kvalifikasjonar:

- Relevant erfaring som dirigent.
- Relevant musikkfagleg utdanning.
- Repertoarkunnskap.
- Evne til å leggja til rette stemmer ved behov.

Vi søker også etter

DIRIGENT TIL JUNIORKORPSET

Dirigenten for juniorkorpset vil arbeida med juniorane i korpset, altså dei som er ferdige med aspirantperioden, og enno treng meir trening før dei tar til i hovudkorpset. Stillinga passar godt for ein person som ønsker å bygge opp erfaring innan dirigentfaget. Dirigenten må kunne samarbeida godt med dirigenten i hovudkorpset.

Ønska kvalifikasjonar:

- Relevant musikkfagleg utdanning og/eller erfaring.
- Erfaring frå arbeid med barn og/eller ungdom.

For begge stillingane vil det leggast vekt på følgjande:

Personlege eigenskapar:

- Motiverande med musikalsk engasjement.
- Gode samarbeidsevner.
- Ønske om å bidra til å nå korpset sin målsetting.
- Godt lag med barn og ungdom.

- Kunne identifisera seg med korpset sine verdiar.

Vi kan tilby

- Eit engasjert korps med speleklade barn og unge.
- Mogelegheiter for utvikling.
- Honorar etter avtale.

Vi ber om at skriftleg søknad vert sendt innan 20. juni 2021 til styreleiar Kjersti Rogne, kjersti@frurogne.no. Spørsmål kan rettast til korpseleiar Bente Føleide, tlf. 900 76 067 eller styreleiar Kjersti Rogne tlf. 906 32 119.